



Kristian Hus var svært fornøgd med boksalet på Spar i dag.

**- Eg er svært godt fornøgd med salet, slo forfattar Kristian Hus fast etter nokre timar då han sat på Spar Uskedalen og selde boka GODT VAKSEN laurdag. Mange uskedelingar viste stor interesse for boka som handlar om 12 eldre kvinnheringar og deira syn på livet. I tillegg er det 3 essays i boka.**

Kristian Hus gjev ut boka i samarbeid med sonen Kristen Børje Hus som står for fotografering og den grafiske utforminga av boka. Boka byggjer på samtalar med 12 kvinnheringar, og to av dei er uskedelingar. Det er Jens Ljosnes, og Ragna Hjelmeland(f. Langballe) som voks opp på Skorpo.

I tillegg er det 3 essays som er skrivne av ungdommen Karen Anna Kleppe og dei to pensjonistane Ove Tvedt og Otto Blokhus.

Det er ei flott innbunden bok, og dei 15 har mykje interessant å fortelja. Den erfarne mediamannen Kristian Hus er garantist for at dette vert formidla på ein god måte, og bileta til sonen Kristen Børje krydrar innhaldet.

Det er svært interessant å lesa om opplevingane til dei eldre. Det er tydeleg at ein av dei, Bernt Kaldestad(93 år), har rett når han uttalar: 'Eg er ingen gamling, berre litt eldre.'

For uskedelingar som ikkje har fått kjøpt boka, nemner eg at den er lagt ut for sal m.a. hos Spar Uskedalen.



Arnfred Eik var ein av dei som sikra seg boka.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.